



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2014 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 369 205
Organisasjonsform: Organisasjonsledd
Foretaksnavn: SUNNMØRE FRILUFTSRÅD
Forretningsadresse: Kongshaugstranda 105
6037 EIDSNES

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2014 - 31.12.2014

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trude Fimland Sjøholt
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 23.03.2015

Grunnlag for avgivelse

År 2014: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2013: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2014

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 05.09.2020



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2014	2013
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt	1	1 488 732	1 812 058
Annen driftsinntekt	1	2 623 416	2 204 336
Sum inntekter		4 112 148	4 016 394
Kostnader			
Varekostnad		1 076 765	770 887
Lønnskostnad	2	2 053 631	1 835 991
Annen driftskostnad	3	996 909	1 835 457
Sum kostnader		4 127 305	4 442 336
Driftsresultat		-15 157	-425 941
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		24 837	31 698
Annen finansinntekt		37 146	
Sum finansinntekter		61 983	31 698
Annan rentekostnad		579	998
Sum finanskostnader		579	998
Netto finans		61 405	30 701
Ordinært resultat før skattekostnad		46 247	-395 241
Ordinært resultat etter skattekostnad		46 247	-395 241
Årsresultat		46 247	-395 241
Totalresultat		46 247	-395 241
Annen egenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2014	2013
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmiddel			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lign.		350 325	389 250
Sum varige driftsmiddel		350 325	389 250
Finansielle anleggsmiddel			
Egenkapitalinskudd KLP		5 069	
Sum finansielle anleggsmiddel		5 069	
Sum anleggsmiddel		355 394	389 250
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer		59 639	49 099
Andre fordringer		390 245	384 387
Sum krav		449 884	433 485
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		1 503 023	815 108
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		1 503 023	815 108
Sum omløpsmiddel		1 952 907	1 248 593
SUM EIGEDELAR		2 308 301	1 637 843
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2014	2013
Opptent egenkapital			
Annen egenkapital		892 476	846 228
Sum opptent egenkapital		892 476	846 228
Sum egenkapital		892 476	846 228
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		174 234	37 513
Skyldige offentlige avgifter		146 039	164 790
Annen kortsiktig gjeld		1 095 552	589 312
Sum kortsiktig gjeld		1 415 826	791 615
Sum gjeld		1 415 826	791 615
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		2 308 301	1 637 843



Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Til årsmøtet i
Friluftsrådet for Ålesund
og omland

FRILUFTSRÅDET FOR ÅLESUND OG OMLAND - REVISORS BERETNING 2014

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Friluftsrådet for Ålesund og omland som viser et overskudd på kr 46 247,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2014 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne dato, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder Internasjonal Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurdering av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for organisasjonens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsipper er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Friluftsrådet for Ålesund og omland per 31. desember 2014 og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne dato i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. etg.

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 60

Telefaks
70 17 21 61

Bankkonto
6540 05 00485

Foretaksregisterut
NO 971 562 587



Komrev3 IKS

2 av 2

Uttalelse om øvrige forhold


Konklusjon om årsberetningen


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningene om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingene vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokførings-skikk i Norge.

Ålesund, 20. mars 2015


Kjetil Bjørnsen
daglig leder


Randi Kalvatsvik
revisjonsrådgiver



NOTER TIL ÅRSREGNSKAP 2014
FRILUFTSRÅDET FOR ÅLESUND OG OMEGN

NOTE 1

SALGSINNTEKT	KR. 1 488 732,-
Konto 3231 Andre adm. tilskot Fylkeskom	34 490
Konto 3322 Tilskot Gjensidige Toalettprosjekt	0
Konto 3323 Prosjekt Skred	53 832
Konto 3326 Kommunale tilskot	0
Konto 3330 Andre inntekter	48 274
Konto 3335 Salg Skikompis mva. fritt.	119 439
Konto 3336 Sal skikompis mva. pliktig	32 067
Konto 3340 Kursavgift/deltageravgift	29 431
Konto 3365 Løypemerking 2011-2012	50 914
Konto 3371 Naturlos	223 380
Konto 3373 Prøve på Ung	218 300
Konto 3374 Utstyrbase	99 707
Konto 3376 Læring i friluft	151 032
Konto 3377 Folkehelse	327 867
Konto 3378 Telltur.no	100 000

INNTEKTER/TILSKUDD	KR. 2 632 416,-
Konto 3200 Medlemskontingenter	906 846
Konto 3205 Adm. tilskot	405 000
Konto 3210 Tilskot sikra område	735 569
Konto 3230 Adm. tilskot Fylkeskommunen	184 000
Konto 3240 Spelemidler tilr.	0
Konto 3321 Aktivitetstiltak	269 500
Konto 3900 Andre driftsinntekter (erstatning)	122 500



NOTE 2

LØNN	KR. 2 053 631,-
Konto 5000 Lønn +5090	1 455 494
Konto 5020 Ferie lønn	179 016
Konto 5100 Lønnskost. Aktivitetsprosjekt	0
Konto 5331 Leiar- og møte godtgjersle	53 500
Konto 5340 Fast Bilgodtgjørelse	0
Konto 5390 Annen oppg.pl. godtgjørelse	0
Konto 5400 Arbeidsgiveravgift	242 126
Konto 5420 Pensjonskostnad	205 544
Konto 5296 Pensjonstrekk	-22 722
Konto 5800 Prosjekt kartlegging lønnsutg.	0
Konto 5801 Motkonto ref. sykelønn	-79 392
Konto 5920 Yrkesskadeforsikring	20 066
Konto 5990 Andre personalkostnader	0

NOTE 3

ANNEN DRIFTSKOSTNAD	KR. 996 909,-
Konto 6300, 6500, 6501 Drift Friluftsrådet	298 063
Konto 6400-6431 Leasing	98 816
Konto 6520 Kostnader arbeidsbåt	38 925
Konto 6540, 6570 Kontorutstyr, arb.klær, verneutstyr	30 326
Konto 6700-6705 Regnskap, revisjon, konsulent	84 866
Konto 6800-6840, 6940 Div. kontorkostnader, porto	57 958
Konto 6900 Telefon/ADSL	58 425
Konto 7000-7140 Drivstoff, vedl.hold, bilgodtgj., reise	112 982
Konto 7410 Kontingenter fl	48 102
Konto 7500 Forsikringer	67 728
Konto 7710 Møter, kurs, faglitt. o.l.	62 358
Konto 7300, 7320, 7710-7790 Div. andre kostnader	38 361



Friluftsrådet for Ålesund og omland

MØTEBOK ÅRSMØTE 2015

Årsmøtet vart halde den 23.03 på Alnes Fyr i Giske kommune etter innkalling sendt ut 02.03.2015

I forkant av møtet var det vandring i fjøra på Alnes med Inge Westad og Arne Tunheim som turleiarar. Etterpå fortalte Inge Westad litt om historia til Alnes fyr.

Årsmøtet vart opna av styreleiar Vebjørn Krogsæter. Arne Tunheim helsa årsmøtet på vegne av Giske kommune før det så vart gjort registrering av dei frammøtte utsendingane.

Desse møtte på årsmøtet:

Giske kommune	Birger Honningsvåg Arne Tunheim	Styremedlem Utsending
Haram kommune	Vebjørn Krogsæter Bente Klokk	Styreleiar Utsending
Norddal kommune	Arild Nærø	Utsending
Skodje kommune	May Britt Grindvik Lidvar Giskeødegård Tone Fylling	Nestleiar av styret Utsending Utsending
Stordal kommune	Palma Flåen Øvrebust Jonas Falch	Styremedlem Utsending
Sula kommune	Mariann Barstad	Styremedlem
Vestnes	Fråfall	
Ørskog	Terje Osvik Janet Roelofs	Styremedlem Utsending
Ålesund	Fråfall	
Andre frammøtte	May Britt Haukås Geir Martinsønn Haugli	Dagleg leiar Rådgjevar

Årsmøtet vart sett med 13 røysteføre delegatar.



Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Det vart peikt på at innkalling og saksliste begge var sendt ut for seint i høve til vedtektene.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkallinga og sakslista for årsmøte 2015

Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær samt to til å skrive under møteboka

Årsmøtet foreslo May Britt Grindvik og Birger Honningsvåg til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vel styreleiar Vebjørn Krogsæter som ordstyrar og dagleg leiar May Britt Haukås som sekretær, samt Birger Honningsvåg og May Britt Grindvik til å skrive under møteboka

Sak 3: Handsaming av styret si årsmelding for 2014

Styreleiar innleia til saka ved å lese forordet til årsmeldinga. Han viste til at Friluftsrådet har hatt eit særst aktivt år, også med tilsetting av May Britt Haukås som ny dagleg leiar. Ho fekk høve til å presentere seg for årsmøtet. På spørsmål forklarte ho og styreleiar om bakgrunnen for satsinga på Stikk UT og ny heimeside. Årsmøtet rosa det arbeidet som var gjort i 2014.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner Friluftsrådet si årsmelding for 2014

Sak 4: Rekneskap for 2014

Styreleiar innleia.

Revisor si melding vart lagt fram på møte. Denne godkjende rekneskapen for 2014 utan merknader.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2014



Sak 5: Fastsetting av kontingent for 2016

Styreleiar innleia med å presisere for årsmøtet at utsendingane måtte vere klar over at dei ved å følge innstillinga ville binde opp sin eigen kommune ang. utgifta til medlemskontingenten. Han la og vekt på at innstillinga frå styret om auke i kontingent var samrøystes vedteke og at Ålesund kommune var representert på dette møtet, jfr. omtale om bekymringsmelding i Ålesund kommune om auken i medlemskontingenten.

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for 2016 vert sett til 15,00 kroner per innbyggjar.

Sak 6: Innkomne saker

Det var ikkje kome inn andre saker til årsmøtet.

Sak 7: Budsjett og arbeidsprogram for 2015

Samrøystes vedtak:

- 1. Årsmøtet godkjenner budsjett og arbeidsprogram for 2015*
- 2. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida vert avklara.*
- 3. Møtegodtgjersla til styremedlemmane vert for 2015 sett til 750 kroner per møte. Styreleiar godtgjersla vert sett til 12.000 kroner per år, godtgjersla til nestleiar til 2500 kr/år og godtgjersla til arbeidsutvalet sitt medlem (utanom leiar og nestleiar) vert sett til 1500 kr/år.*

Sak 8: Val

Dei tre kommunane som skulle gjere det hadde valt sine medlemmar før årsmøtet. Det gjaldt og Vestnes, der namna diverre ikkje var klare før sakslista vart utsendt. Når det gjaldt val av leiar, nestleiar mm så la Lidvar Giskeødegård fram innstillinga frå valnemnda. Styret sine medlemmar fram til og med årsmøte i 2016 er;

Giske	: Styremedlem Varamedlem	Birger Honningsvåg Marit G Alnes	2014 – 2016 2014 – 2015
Haram	: Styremedlem Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	2015 – 2017 (attval) 2015 – 2017 (attval)



Møteboka frå årsmøtet vert godkjent:

Dato/stad 8.4.15 Valderøy Dato/stad Skeie 4.5.2015

Birger Hønningsvåg May Grindvik
Birger Hønningsvåg May Britt Grindvik




Friluftsrådet for Ålesund og omland

40 år i friluftstjeneste 1974 - 2014

Årsmelding 2014





ÅRSMELDING 2014

Innhald:

Side 3-6	1. Styret og administrasjonen sitt arbeid
Side 6-7	2. Sikring av område til friluftsliv
Side 7 - 9	3. Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv
Side 10 - 14	4. Aktivitetsarbeid
Side 15 - 16	5. Økonomi – rekneskap
Side 17 - 18	Oversikt over område og eignedelar
Side 19 -21	Vedtekter

Forord

Friluftsrådet har hatt eit aktivt år i 2014. 40 år med interkommunalt samarbeid har vore markert på fleire vis. Blant anna i samband med årsmøtet i Norddal i mars og under samlinga for tilsette i friluftsråda på Juvet i Valldal i september. Ei anna markering har vore gjennom oppretting av eksterne utstyrsbasar ute i medlemskommunane. I juni vart May Britt Haukås tilsett som ny dagleg leiar i 50% stilling. Gjennom dette har ein fått utvida kapasiteten i administrasjonen som ein har mangla dei siste åra pga sjukdom. Fagarbeidar Gunnar Tenfjord vart i løpet av hausten pensjonist. Ein flott og trufast medarbeidar gjennom fleire år fekk stor takk for sin innsats i friluftsrådet.

Vebjørn Krogsæter - Haram
Styreleiar

May Britt Grindvik – Skodje
Nestleiar

Mariann Barstad - Sula
Styremedlem

Birger Honningsvåg - Giske
Styremedlem

Kristin Høegh Krohn Devold - Ålesund
Styremedlem

Terje Osvik – Ørskog
Styremedlem

Palma Flåen Øvrebust - Stordal
Styremedlem

Merete Løvoll Rønneberg - Norddal
Styremedlem

Martin Kjøpstad - Vestnes
Styremedlem

Framsidedeilete: Samling for tilsette i Friluftsråda på Juvet landskaphotell i Norddal kommune

Bilete elles;

Side3;	Styret i Friluftsrådet ved seks av medlemmane
Side 4;	Øvst frå Ordførarens Tur i Norddal i samband med årsmøtet i Friluftsrådet Nedst bilete av dei fast tilsette i Friluftsrådet i 2014
Side 5	Samling for tilsette i friluftsråda. Stopp i Murvika og informasjon om Skodje Frisklivssentral
Side 7	Frå sikringssamling i Spjelkavik
Side 8	Øvst til venstre ser ein wc på Brauta i Ørskog. Til høgre øvst to bilete frå driftsarbeidet. Under desse to bilete av ny parkeringsplass ved Vassetvatnet i Sula med utbetra tilkomst frå denne. Nedst eit bilete frå Blimsanden i Giske med det nyaste toalettet.
Side 9	Øvste bilete viser bygging av nytt toalett på Svinøya. Nedst til venstre frå Bolvika i Sula medan det siste viser arbeid med utbetring av stien opp frå sørsida på Svinøya.
Side 10	Kajakkar i bruk på Ørskogvika etter utlån til skulen.
Side 11	Program/annonsen for Sunnmøre Friluftsskule og med glimt frå aktiviteten
Side 12	Øvst ser ein Friluftsrådet sine kajakkar i bruk. Biletet midt på er frå Naturlostur i regi av Friluftsrådet til Varden på Sula, solrenningstur. Bilete nedst viser ordføraren i Ålesund i fint driv i samband med Ordførarens Tur.
Side 13	Øvst til høgre ser ein framsida til det første turkortet for Haram. Til venstre klagjer Christer utstyrsbasen til ein av medlemskommunane. Nedst er to bilete frå aktivitet i samband med oppretting av utstyrsbasane. Til venstre frå Norddal og til høgre frå Haram
Side 14	Kystleifæringen Linge i bruk under årets friluftsskule.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



1.

STYRET OG ADMINISTRASJONEN SITT ARBEID

Styret

Styret for perioden 1.1.2014 til 31.12.2014 har vore:

Kommune	1.1 – 19.03.2014	Verv 1.1-19.03	19.03 – 31.12.2014	Verv 19.03-31.12
Giske	Odd Egil Valderhaug Mette R Valderhaug	Styreleiar Varamedlem	Birger Honningsvåg Marit G Alnes	Styremedlem Varamedlem
Haram	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styremedlem Varamedlem	Vebjørn Krogsæter Ewa Hildre	Styreleiar Varamedlem
Norddal	Arlid Nærø Merete L Rønneberg	Styremedlem Varamedlem	Merete L Rønneberg Kristin G Sandnes	Styremedlem Varamedlem
Skodje	May Britt Grindvik Edmund Hoffseide	Nestleiar Varamedlem	May Britt Grindvik Edmund Hoffseide	Nestleiar Varamedlem
Stordal	Palma Flåen Øvrebust Hildegunn L Berli	Styremedlem Varamedlem	Palma Flåen Øvrebust Hildegunn L Berli	Styremedlem Varamedlem
Sula	Mariann Barstad Anita Solevåg	Styremedlem Varamedlem	Mariann Barstad Anita Solevåg	Styremedlem Varamedlem
Vestnes	Martin Kjøpstad Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem	Martin Kjøpstad Geir Inge Lien	Styremedlem Varamedlem
Ørskog	Terje Øsvik Arne Abelseth	Styremedlem Varamedlem	Terje Øsvik Arne Abelseth	Styremedlem Varamedlem
Ålesund	Kristin H K Devold Tore Johan Øvstebø	Styremedlem Varamedlem	Kristin H K Devold Tore Johan Øvstebø	Styremedlem Varamedlem

Arbeidsutvalet har i 2014 bestått av Vebjørn Krogsæter, May Britt Grindvik og Merete Løvoll Rønneberg.

Arbeidsutvalet har i 2014 gjennomført lønsforhandlingar med dei tilsette.

Styret - handsaming av saker i 2014

Styret har hatt 6 møte i løpet av året og handsama i alt 46 saker. Døme på saker som er handsama er;

- * Rekneskap, budsjett, årsmelding og arbeidsprogram m/revisjon av budsjett
- * Saker i samband med Årsmøtet i Friluftsrådenes Landsforbund
- * Ny heimeside
- * Samarbeid med Nordmøre og Romsdal Friluftsråd om Stikk Ut frå 2015
- * Utlysing av stillinga som dagleg leiar og tilsetjing



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

Årsmøte 2014

Årsmøtet vart halde på rådhuset i Norddal kommune. I samband med årsmøtet vart det ei markering av friluftsrådet sitt 40års-jubileum. Det var Naturlostur med fungerande ordførar Per Magnus Berdal rundt omkring i Syltebygda i forkant av årsmøtet. Under årsmøtet var det foredrag ved Astor Furseth om arbeid med pilgrimslei gjennom Valldalen. Til slutt var det oppretting av friluftsrådet sin første eksterne utstyrsbase knytt til kommunane sitt folkehelsearbeid ved overrekking av utstyr (kasse med bålutstyr) frå Friluftsrådet til Norddal kommune.



Årsmøtet vart sett med 17 røysteføre representantar frå medlemskommunane og styret. Ålesund kommune var den einaste som ikkje var representert på årsmøtet av medlemskommunane.

Det var ingen saker utanom dei ordinære årsmøtesakene jfr vedtektene

Vebjørn Krogsæter frå Haram kommune vart vald til ny styreleiar i Friluftsrådet medan May Britt Grindvik frå Skodje kommune vart attvald som nestleiar.

Odd Egil Valderhaug frå Giske kommune og Arild Nærø frå Norddal kommune gjekk ut av styret.

Tilsette og engasjerte

Friluftsrådet har i 2014 hatt følgjande fast tilsette;

Geir Haugli

- Dagleg leiar i 100% stilling frå 01.01 til 31.05.
- Rådgjevar frå 01.06.2014

May Britt Haukås

- (50% sjukmeldt/arbeidsavklaring gjennom heile året)

Gunnar Tenfjord

- Dagleg leiar i 50% stilling frå 01.06.2014
- Fagarbeidar i 50% stilling fram til 31.08 då han gjekk av med pensjon. Engasjert på timebasis frå 01.09.

Christer Lundberg Nes

- Fagleiar Aktivitet i 100% stilling

Pål Henry Høyberg

- Driftsleiar i 100% stilling


Når det gjeld engasjerte så har friluftsrådet hatt fleire personar engasjert på timebasis innan arbeid med drift, tilrettelegging og aktivitet.



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

Det er utført 5844,0 timeverk i regi av Friluftsrådet sine tilsette og engasjerte i løpet av 2014 mot 5521,0 timeverk i 2013.

Arbeidet i Friluftsrådet fordeler seg slik i 2014;



I tillegg til dei fast tilsette og engasjerte så har Friluftsrådet god hjelp av fleire lag og organisasjonar og i samband med vårt arbeid.

Møte, representasjonsoppgåver, etc

Friluftsrådet er fortløpande med på ei rekkje møte, kurs, seminar og liknande i samband med arbeidet vårt. Friluftsrådet er og representert i ulike fora. Dette gjeld både lokalt i medlemskommunane, på fylkesnivå og på nasjonalt nivå.

Friluftsrådet er medlem i Friluftsrådernes Landsforbund og med i Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal.

I 2014 var Friluftsrådet for Ålesund og omland 40 år og vertskap for årets tilsettesamling. Denne vart halde på Juvet landskaphotell i Valldal med rekorddeltaking: 40 tilsette frå friluftsråd i heile landet deltok på samlinga 17.-19. september.

Jubileumsmiddagen for å feire rådets 40 år vart halde i samband med samlinga med inviterte gjester frå medlemskommunane i tillegg til deltakarane på samlinga.



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



uttaler, innspel, medieomtale, informasjonsarbeid etc

Uttaler og innspel

Friluftsrådet har ikkje hatt kapasitet til å arbeide med uttaler til plansaker etc i nokon særleg grad i 2014.

Medieomtale

Friluftsrådet sitt arbeid har fått god medieomtale også i 2014. Store og små saker vert referert både i lokale og regionale media.

40års-jubileet og oppretting av utstyrsbasar ute i medlemskommunane er noko av det som har fått god dekning.

Friluftsrådet har og hatt artiklar i bladet Friluftsliv, blant anna om marin forsøpling, gjennom samarbeidet mellom bladet og Friluftsrådernes Landsforbund og friluftsråda.

Informasjon

Friluftsrådet si «sovande» Facebook-side har i løpet av 2014 vorte aktivisert og blitt ein viktig informasjonskanal for friluftsrådet. I tillegg til hovudsida til Friluftsrådet er det og laga egne sider for blant anna Læring i Friluft og Sunnmøre Friluftsskule.

I 2014 har styret og gjort vedtak om å avslutte samarbeidet med Friluftsrådernes Landsforbund når det gjeld rådet si heimeside. Det er gjort avtale med TIBE om utvikling av ny heimeside. Denne vil fyrst vere oppe og gå i løpet av 2015.

Presentasjon

I november var dagleg leiar invitert til å presentere friluftsrådet og arbeidet vårt på møte hos Ørskog Rotary på Sjøholt.

Kontor, verkstad og lager mm

Friluftsrådet har sidan hausten 2011 hatt kontor, lager og verkstad på Kongshaugstranda 105 i Vegsundet i Sula kommune. På Kongshaugstranda leiger ein tre kontor med diverse fellesareal samt ca 300 kvadratmeter lager- og verkstadlokale. Fagleiar Aktivitet har heimekontor i Volda.

Friluftsrådet leaser to arbeidsbilar. Fagleiar Aktivitet disponerer den eine medan den andre er stasjonert på Kongshaugstranda.

Friluftsrådet sin arbeidsbåt har plass i båthamna til Ålesund Motorbåtforening i Gåseidvika i Ålesund.

2.

Sikring av område for friluftsliv

Friluftsrådet starta opp att arbeid knytt til sikring av friluftsområde i 2005. Etter kommunane sitt ynskje er det kommunane som skal gjennomføre sikringsarbeidet medan Friluftsrådet skal vere ein pådrivar og medspelar for at dette vert gjort.

I 2014 har Friluftsrådet hatt ein dialog med Ålesund kommune knytt til sikring av Prinsen Camping. Dagleg leiar saman med styre- og varamedlem frå Ålesund hadde og eit innlegg i Sunnmørsposten om saka. Avisa omtalte også saka i fleire artiklar.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



I samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune v/kulturavdelinga, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Forum for Natur og Friluftsliv arrangerte vi ein møterunde i fylket om sikring. Det vart halde tre møte, eit på Nordmøre, eit i Romsdal og eit på Sunnmøre. På «vårt» møte i Spjelkavik var det stor deltaking og alle medlemskommunane i friluftsrådet var representert.



3.

Drift og skjøtsel av friluftsområde og tilrettelegging for friluftsliv

Friluftsrådet har i 2014 hatt ansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging av 15 større friluftsområde i medlemskommunane. Av desse er 4 eigd av Staten, 8 av kommunane medan 3 er i privat eige. Storleiken på desse områda er til saman på 1434 dekar. I tillegg har vi skrive avtale med Langsætrane Sameige for Øyna på Overøye i Stordal knytt til at friluftsrådet har teke over ansvaret for eit spelemiddelprosjekt der. Dette for at spelemidlar til tilrettelegging av Øyna ikkje skulle gå tapt.

Friluftsrådet har og delansvar for drift, skjøtsel og tilrettelegging av tiltak i andre statleg sikra område som Tueneset og Parrvika i Ålesund, Murvika i Skodje og Vassetvatnet i Sula.

Friluftsrådet har og ei rekkje eigedelar (tilretteleggingstiltak) i form av bryggjer, bruer, toalett, informasjonstavler, stiar, skiløyper etc som ein har heilt eller delvis ansvar for. Desse ligg i all hovudsak i regionalt viktige friluftsområde.

Friluftsrådet har teke ansvaret for å søkje midlar til tiltak innan skjøtsel og tilrettelegging i alle dei statleg sikra friluftsområda i medlemskommunane. I 2014 vart det sendt 14 søknader, mot 19 i 2013. Ein fekk tilslag på 8 (8 i 2013) med eit samla tilskot på 765 000 kr (828 000 kr i 2013). Tre prosjekt vart ikkje ferdigstilt i 2013 og vart overført til 2014;

• Svinøya	opprusting av sti/trapp sørsida	50 000kr	Gjennomført
• Mauren	utbetring toalett	15 625kr	Overført 2015
• Vassetvatnet	parkeringsplass Jentavika	150 000kr	Gjennomført

I slutten av august gjekk Gunnar Tenfjord av med pensjon samstundes med at driftsleiar vart 100% sjukmeld. Dette gjorde at ein fekk ei utfordring i gjennomføringa av fleire av tiltaka som var planlagt utført etter sommarferien. Nokre av prosjekta måtte ein difor søkje overført til 2015. Fylkeskommunen ga si tilslutning til dette. Dei prosjekta som vart overført 2015 var;

• Vegsundvågen	turveg mm	137 500kr
• Gurinesbukta	strand	110 000kr
• Kråkvika	bryggje	170 000kr

Gjennomførte tiltak i 2014 i dei statleg sikra friluftsområda var då;

• Svinøya i Ålesund	Opprusting av sti/trapp på sørsida
• Svinøya i Ålesund	Nytt toalett på vestsida
• Svinøya i Ålesund	Opprydding etter orkanen Dagmar
• Stafsethneset i Ålesund	Div opprydding etter orkanen Dagmar
• Spjelkavikelva i Ålesund	Reparasjon etter hærverk på toalett v/Sandingane

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



- Bolvika i Sula Grillplass, turveg, benkar mm
- Vassetvatnet i Sula Ny parkeringsplass ved Jentavika med tilkomst til turveg

I tillegg til dette er det og gjort div anna arbeid som;

- Slutføring av arbeid med nye toalett på Brauta og Vaksvikfjellet i Ørskog kommune
- Reparasjon av toalett på Langevågsholmane i Sula kommune
- Bidrege til skilting av turstiar i Ørskog kommune i samarbeid med Ørskog Frivilligsentral

I 2014 er det brukt vel 1500 timar av tilsette i friluftsrådet (fast tilsette og engasjerte) i arbeidet ute med drift, skjøtsel og tilrettelegging. I tillegg kjem arbeid knytt til prosjektering, søknader, rapportering mm.

Friluftsrådet har og i tillegg hatt god hjelp frå andre i dette arbeidet, som;

- * Mauseidvåg og Solevåg Idrettslag - vask av toalett på Taustua
- * Stordal Idrettslag, langrenn - vask av toalett på Overøye i Stordal
- * Vigra Kristelege Ungdomslag - vask av toalett på Blimsanden i Giske
- * Gjersetdalen Villmarksområde BA - vask av toalett i Gjersetdalen i Haram
- * Ålesund Rotary Øst - Dugnad Svinøya
- * Lions Vegsundet - Dugnad Stafsethneset
- * Vestnes Rotary - Dugnad Kråkvika
- * Borgund vidaregåande skole - Bygging av toalett mm. på Svinøya



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

Søknader Post 78 2014 - Tilrettelegging i statleg sikra friluftsområde									
Område	Tiltak	Kommune	Kostnad	Søknad post 78	Eigne midlar	Komm	Dugnad	Anna	Tilskot post 78
Sula-Bolvika	Div	Sula	76000	66000			10000		66000
Langevågsholmane	Bryggje	Sula	240000	240000					0
Svinøya	Rydding vindfall	Ålesund	43750	43750					43500
Stavsethneset	Orkan	Ålesund	92500	82500	10000				82500
Vegsundvågen	Turveg	Ålesund	206500	137500		68750			137500
Larsgården	Rydding	Ålesund	55000	55000					0
Svinøya	Toalett + grillar	Ålesund	194000	184000	10000				118000
Spjelkavikelva-WC	Wc	Ålesund	47500	37500	10000				37500
Mauren	Bryggje mm	Skodje	196250	166250	30000				0
Gurinesbukta	Strand	Haram	186297	110572	75725				110000
Skråvika	Strand	Ørskog	40000	30000	10000				0
Kråkvika	Bryggje	Vestnes	471250	471250					170000
Gjemundhes	Info, turveg mm	Vestnes	630094	27594		100000	91000	411500	0
Irus Beitepusser			470000	376000	94250				0
Sum			2 949 141	2 027 916	239 975	168 750	101 000	411 500	765 000



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

4.

Aktivitetsarbeid



Friluftsrådet har drive aktivitetsarbeid retta mot skule, barnehage, born og unge m.fl sidan byrjinga på 1990-talet. Fram til august 2008 vart arbeidet gjennomført i all hovudsak ved innleigd kompetanse. I 2008 vart det tilsett Fagleiar Aktivitet i 50% stilling. I frå

01.01.2010 har stillinga vore 100%.

Stimulering til meir og betre uteaktivitet i skule og barnehage gjennom "Læring i Friluft" er eit hovudsatsingsområde for Friluftsrådet. Friluftsrådet deltek og aktivt i nettverket som er oppretta mellom dei friluftsråda som arbeider med uteskule/utebarnehage og Friluftsrådernes Landsforbund.

På slutten av 2010 starta rådet arbeidet med å opprette eit "lærande nettverk" for skulane i medlemskommunane. I 2014 er 26 skular i medlemskommunane med i Nettverket. Dvs at ein ny skule har kome med i nettverket i 2014. Nettverket er av dei største blant friluftsråda. I nettverket vert det blant anna gjennomført ei årleg samling for skulane som er med.

I 2014 er det innan «Læring i Friluft» gjennomført:

8 kurs for pedagogisk personale i skule og barnehage med totalt 212 deltakarar. I fjor var tala 11 kurs med 154 deltakarar. Kursa er gjennomført både i medlemskommunane og utanfor.

11 utedagar (elev-/lærarretteiing) med i alt 628 deltakarar. I 2014 var det aktivitet både for skular og barnehagar. Tala for i fjor var 20 utedagar med 465 deltakarar.

Innan Læring i Friluft låner vi og ut utstyr gratis til skular og barnehagar. Utlånet er høgt også i 2014 med i alt 24 utlån. Utlåna fordeler seg slik;

- Kajakk 14
- Lavvoar 6
- Anna utstyr 4

Utstyret vert brukt både til dagaktivitet og i samband med overnattingsturar.



I 2014 har Friluftsrådet for Ålesund og omland i samarbeid med Friluftsrådernes Landsforbund og Høgskulen i Volda arbeida for å få til eit etterutdanningskurs innan «stedsbasert læring». Det har diverre ikkje lukkast å få dette i gong i 2014. Friluftsrådet har eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda.

Arbeidet innan «Læring i Friluft» er støtta med midlar via Friluftsrådernes Landsforbund, Naturesekken og Møre og Romsdal Fylkeskommune.

Prøve på UNG m/friluftsskule

"Prøve på UNG" er eit prosjekt retta mot born og unge og aktivitet på fritida. Her er målet å skape tiltak der born og unge får prøve ut ulike friluftaktivitetar og oppleve dei moglegheitene som finst i eige nærmiljø. Samarbeid med lag og organisasjonar er ein føresetnad i prosjektet då det er dei som skal drive den daglege aktiviteten gjennom året.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



I 2014 vart det gjennomført 20 utdagar med 484 deltakarar, mot 15/921 i 2013 og 9/293 i 2012. I tillegg til dette vart nokre planlagde tiltak avlyst, som blant anna skredkursa for ungdom i vinterferien. Den manglande vinteren i 2014 må ta skulda for dette.

Nytt tiltak i 2014 var Sunnmøre Friluftsskule. Friluftsskule er eit konsept i regi av Friluftsrådernes Landsforbund/friluftsråda i samarbeid med lag og organisasjonar. 2014 var eit år for utprøving fram mot Friluftslivets År i 2015.

Vi gjennomført vår friluftsskule rett etter at skulen hadde teke sommarferie. Friluftsskulen vart gjennomført i samarbeid med Ålesund og Sunnmøre Turistforening, NJFF Møre og Romsdal og Emblem IL – Orienteringsgruppa. I alt 12 ulike aktivitetsopplegg vart gjennomført i løpet av vel ei veke. 118 ungdommar deltok på friluftsskulen i alt. Eit overnattingsopplegg vart diverre avlyst pga sjukdom. Friluftsskulen må seiest å ha vore ein suksess.

Sunnmøre Friluftsskule


Eit spennende aktivitetstilbod for barn i alderen 11-13 år i starten av sommerferien!

Programmet for Sunnmøre Friluftsskule 2014 (med utvalde og praktiske nettsider)

Dag/dato	Aktivitet	Stad	Tidspunkt	edre plasser	Pris
Måndag 22. juni	Orientering	Storsetneset	09.00-15.00	20 stk.	50 kr
Tysdag 24. juni	Karibudag	*Helbl anten: *Dykkar - Stordal Organisert transport til Stordal *Kajak i Bergen - Ålesund *Såttur med Friluftsrådet	10.00-14.00	Opptatt	Gjettis Rhinu kr. 40,-
Onsdag 25. juni	Tur med ÅST	Gökamorklo - Ørskog Organisert transport til Ålesund	09.00-15.00	20 stk.	50 kr
Onsdag 25. juni	Kajakkurs	Stordal	10.00-16.00	6 stk.	50 kr
Torsdag 26. juni	Vilingsletker	Storsetneset	09.00-15.00	20 stk.	50 kr
Freitag 27. juni	Vilingsletker	Maran i Skardje	09.00-15.00	23 stk.	50 kr
Måndag 30. juni	Sjovett og båttry	Svinoy i Ellingsvågøden	09.00-15.00	20 stk.	50 kr

*Dykkar i Gards skutteloss i Stordal til Dykkar. Avgang 09.30 - retur 17.30. Allereie på kajak i Bergen kl. 10.00 - 17.30 programmet vil beredast til oppstart. Du kan òg vere deltakar for å gå til ålesund og sidje på facebook der du kan følge med til bestilling og oppstart av programmet! Facebook: www.facebook.com/friluftsskule

Påmelding innan torsdag 19. juni!
Tur med ÅST onsdag 25. juni direkte til ÅST www.aast.no. Alle andre arrangement: www.friluftsrad.no/friluftsskule



Friluftsrådet for Ålesund og omland
www.friluftsrad.no/friluftsskule



40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

I tillegg til dette låner ein og ut kajakkar og lavvoar mm gratis til frivilljuge lag og foreiningar og medlemskommunane og liknande til aktivitet for born og unge i deira regi. I 2014 har det vore i alt 15 utlån innan Prøve på UNG. Utlånet har vore både til dagaktivitet og overnattingsturar og leirar.

Arbeidet innan «Prøve på Ung» er støtta økonomisk med midlar via Friluftsrådene Landsforbund, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Miljødirektoratet.



NATURLOS med Friluftslivets veke og Ordførarens Tur

NATURLOS er eit tiltak for å marknadsføre natur- og kulturvandringar og arrangement i medlemskommunane. I hovudsak er dette vandringar og arrangement i regi av lag og organisasjonar.

I 2014 vart 119 natur- og kulturvandringar og arrangement marknadsført via Naturlos. Dette er ein nedgang frå 2013 (141). Marknadsføringa vart gjort via annonsar, to innstikk i Nytt i Uka og via eiga og andre sine nettsider. Nytt av året var bruken av facebook-sida vår som ein aktiv kanal for informasjon om naturlos-turane. Med eit berekna gjennomsnitt på desse vandringane og arrangementa på 25 personar så deltok ca 2975 personar totalt.

Friluftsrådet arrangerte sjølve 2 turar i regi av styremedlemmar, i Ørskog og Sula og Postvegmarsjen i Ørskog saman med gode krefter der. Friluftsrådet deltok og med aktivitet på fleire andre arrangement innan Naturlos.



Via brev oppmoda Friluftsrådet ordførarane i medlemskommunane om å arrangere Ordførarens Tur. I 2014 som er 40års-jubileum for friluftsrådet var eit av gåveynskja at Ordførarens Tur vart gjennomført i alle kommunane. Ordførarens Tur vart i 2014 arrangert i Haram, Ålesund, Sula, Ørskog, Vestnes, Stordal og Norddal.

NATURLOS er finansiert med midlar via Friluftsrådene Landsforbund, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Miljødirektoratet og Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal.



Friluftsrådet vil og rette ein stor takk til alle lag og organisasjonar som arrangerer ei mengde turar og arrangement rundt omkring i kommunane og let oss marknadsføre desse.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

Folkehelse

Mykje av arbeidet Friluftsrådet driv knytt til tilrettelegging, aktivitet og informasjon kan seiast å vere godt folkehelsearbeid. Folkehelse er likevel vorte eit eige arbeidsområde knytt særleg til aktivitet blant grupper av menneske med spesielle behov.

Etter søknad fekk Friluftsrådet difor tildelt 200.000 kroner frå Friluftsrådernes Landsforbund til oppfølging av aktivitet i samarbeid med dei kommunale frisklivssentralane og folkehelsekoordinatorane. I tillegg vart 70 000kr overført til bruk i 2014 av tilskot frå 2013.

Skattebytarane, eit opplegg knytt til geocaching, er eit av tiltaka. Her er det kjøpt inn GPSar for gratis utlån. Desse ligg til utlån ute hos medlemskommunane. Det er halde eit kurs i bruk av GPS i 2014, i samarbeid med folkehelsekoordinatoren i Sula kommune.

Turkort er eit anna av folkehelseiltaka. Det fyrste turkortet vart gjeve ut i 2013. Dette gjeldt turområdet ikring Lillevatnet og Spjelkavikelva i Ålesund. I 2014 er det arbeida med 9 nye turkort, eit i kvar av medlemskommunane. Turkorta vert distribuert ut fyrst i løpet av våren 2015. Turkorta vil då verte samla i ca 200 mapper. Desse mappene skal ut til alle legekontor, rådhus, helsestasjonar, bibliotek, institusjonar i medlemskommunane.



I samband med vårt 40års-jubileum i 2014 vart det bestemt at vi skulle bruke midlar tildelt frå blant anna Sparebankstiftelsen DNB NOR til å opprette eksterne utstyrsbasar ute i medlemskommunane. Utstyret skal nyttast i folkehelsearbeidet ute i kommunane. Det fyrste av utstyret vart delt ut til Norddal kommune i samband med årsmøtet i friluftsrådet i mars. Resten av utstyrsbutikkane vart delt ut til kommunane i løpet av hausten. I samband med utdelinga vart det invitert til aktivitetsdagar for born og unge. Her var det god oppslutning. Utstyrsbutikkane består av ein lavvo, båtutstyr, tausekkar mm. Kvar kasse har ein verdi på rundt 30 000kr.



I samarbeid med FL arrangerte friluftsrådet folkehelseseminar på Gomerhuset i Skodje 1. oktober. Inviterte var tilsette i frivilligsentralane, folkehelsekoordinatorane og frisklivssentralane i medlemskommunane. 22 deltakarar frå alle medlemskommunane deltok.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014

TellTur, eit tiltak for turregistrering, vart starta opp i 2013 i samarbeid med kommunane Sula, Ørskog og Ålesund. TellTur vart vidareført i desse kommunane og i 2014. I 2014 gjekk 708 deltakarar heile 11258 turar. I 2013 var tala 800 deltakarar og ca 8000 turar. TellTur er eit samarbeid mellom fleire friluftsråd og Friluftsrådenes Landsforbund.

I løpet av 2014 har styret i friluftsrådet vedteke at ein i staden for TellTur skal inngå eit samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal om Stikk Ut som verky for turmålsregistrering. Dette er tatt imot med begeistring av medlemskommunane, som alle vil vere med.

Kystleia

Friluftsrådet eig to færingar, Leia og Linge. Desse er plassert på Sunnmøre Museum og vert leigd ut i samarbeidd med dei og Sunnmøre Kystlag. I 2014 har dei to båtane vore utleigd i 24 dagar (2013/27). Båtane er og brukt i vår friluftsskule samt at museet nyttar dei i sin aktivitet retta mot skule, familiedagar etc.

Dei to færingane vart og nytta i gjennomføringa av Sunnmøre friluftsskule.



Skikompis - skredførebyggjande arbeid

Knytt til Christer Lundberg Nes (Fagleiar aktivitet) sin store kompetanse innan snøskred og ferdsel i vinterfjellet har skredførebyggjande arbeid naturleg vorte ein del av Friluftsrådet sitt arbeid innan kursverksemd og aktivitetstiltak for ungdom (skredkurs).

I mars 2013 vart boka Skikompis lansert. Boka er no vorte pensum ved aktuelle liner på Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane og UiT - Norges Arktiske universitet. Den er pensum på Dagskurs- og Grunnkurs skred Nordisk, Dagskurs- og Grunnkurs skred Alpint i regi av Norsk Fjellsportforum. Samt at boka er referanselitteratur i utdanninga til Norske Tindevogledere, på andre aktuelle liner ved høgskular/universitet og vidaregåande kurs i skredutdanninga i Norsk Fjellsportforum.

Friluftsrådet har i samband med Skikompis etablert heimesida www.skikompis.no. Det er og utarbeidd informasjonsskilt for bruk i skianlegg samt små skikompisfaldarar med enkle tips til sikker ferdsel.

Friluftsrådet har i 2014 og vore ein del av NVE sitt observatørkorps. Friluftsrådet er dermed ein del av eit nasjonalt nettverk for erfaringsdeling og kompetanseheving både internt og eksternt. Gjennom dette er det gjort observasjonar i terrenget gjennom vinteren som så ligg til grunn for NVE sine skredvarslar til dømes på www.varsom.no. Nokre av Friluftsrådet sine fagpresentasjonar ligg, og som einaste eksterne dokument, til nedlasting på varsom.no

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



5.

ØKONOMI - Rekneskap

Rekneskapet for 2014 viser eit overskot på 46 247,18kr, mot eit underskot på 395 240,75kr i 2013 og eit overskot på 87 667,65kr i 2012.

Inntektssida er 4 529 183kr mot 4 388 696 millionar kroner i 2013.

Inntektene fordeler seg slik;

Inntekter	2012		2013		2014	
	kroner	%	kroner	%	kroner	%
Medlemskontingent	845 070	18,5	876 086	19,9	906 846	20,0
Andre kommunale tilskot	0	0	127 000	2,9	0	0
Fylkeskommunale tilskot	457 000	10,0	382 000	8,7	227 000	5,0
Administrasjon, fast øyremerka	165 000		179 000		184 000	
Prosjekt + andre tilskot	292 000		203 000		43 000	
Statlege tilskot via FK	405 000	8,9	697 500	15,9	1 005 069	22,2
Tiltak i statleg sikra friluftsområde	335 000		612 500		735 569	
Prosjekt, aktivitet	70 000		85 000		269 500	
Statlege tilskot via FM	0	0	0	0	0	0
Statlege tilskot via FL	883 900	19,4	1 255 000	28,6	1 270 000	28,0
Administrasjon	335 000		375 000		405 000	
Prosjekt	548 900		880 000		865 000	
Andre statlege tilskot	0	0	50 000	1,1		
Deltakar- og kursavgifter	44 880	1,0	4 791	0,1	29 431	0,6
Andre inntekter m/mva.komp	1 921 073	42,2	996 319	22,7	1 090 837	24,1
SUM	4 556 923		4 388 696		4 529 183	
Finansinntekter - finanskostnader	25 992		31 698		24 258	

Inntektsfordeling i %:	2012	2013	2014
Medlemskommunane	18,5%	22,8%	20,0%
Stat og fylke m/FL	38,3%	54,3%	55,2%
Andre inntekter inkl mva.komp	42,2%	22,8%	24,7%
Tilførte midlar per krone i medlemskontingent	5,39kr	5,00kr	4,99kr

Når det gjeld inntektssida så er denne delt opp i to delar. Dei "faste" inntektene er medlemskontingenten, administrasjonstilskot frå Møre og Romsdal Fylke (184.000kr på kulturbudsjettet) og administrasjonstilskot via Friluftsrådenes Landsforbund (405.000kr frå Miljøverndepartementet sitt budsjett).

For 2014 utgjer dei faste inntektene 1 495 846 (33,0%), mot 1 430 086 (32,6%) og 1 345 070 kroner (29,5%) i 2012.

Dei resterande inntektene er i all hovudsak prosjektmidlar som ein må søkje om for kvart år.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



Utgiftene fordeler seg slik;

Utgifter	2012		2013		2014	
	Kroner	%	kroner	%	kroner	%
Løn og sosiale kostnader	165 4023	36,8	1 816 933	37,7	2 033 566	45,3
Administrasjon + reise- og møteutgifter	718 223	16,0	777 956	16,2	814 330	18,2
Drift, skjøtsel og tilrettelegging	1 235 531	27,5	980 812	20,4	564 031	12,6
Aktivitetsprosjekt	315 223	7,0	829 494	17,2	642 866	14,3
Meirverdiavgift	437 070	9,7	372 302	7,7	378 472	8,4
Anna	135 176	3,0	37 140	0,8	51 803	1,2
SUM	4.495.246		4.814.637		4 485 068	
Finansutgifter	1349		998		579	

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



Oversikt over friluftsområde – FÅO sitt ansvar per 31.12.14

Kommune	Namn	Areal/da	Eigar	Sikringsstatus	Tilrettelegging
Giske	Blimsanden	10	Privat	Regulert	2 Toalett, tilkomstveg, vegbom
Haram	Bjørnøya	200	Privat	Avtale m/grunneigar 10 år	* Kystfort, turveg og stiar, informasjon, kvilebenkar etc
	Gurinesbukta	5,4	Kommunen	Statleg sikra	Parkeringsplass, veg, flytebyggje for funksjonshemma, badestrand
Skodje	Mauren	315,5	Staten	Statleg sikra	Turveg, tursti, 2 p- plasser, servicebygg med toalett
	Håjem	80	Kommunen	Kommunal eigedom – regulert	Tursti, P-plass, vegbom, toalett
Sula	Langevågsholmane	114,3	Staten	Statleg sikra	Turstiar, 2 brygger, kai, informasjon, toalett
	Eikrem	6,1	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, garasje, toalett
Vestnes	Kråkvika	101,6	Staten	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg, turstiar, servicebygg med toalett, gapahuk og bål plassar, 2 stk vegbommar
	Leivågen	165	Kommunen	Statleg sikra	Tilkomstveg, turveg m/bru, parkeringsplass
Ørskog	Skråvika	10	Kommunen	Statleg sikra	P-plass, turveg, toalett, vegbom, badestrand
Ålesund	Svinøya	227,4	Staten	Statleg sikra	Toalett, servicebygg med toalett, turstiar, natur- og kultursti, 2 gjestebyggjer, grillplass, kystleihytte
	Vikholmen	90	Kommunen	Kommunalt sikra	Kai, turstiar, toalett
	Hunsvær	80	Kommunen	Kommunalt sikra	Gjestebyggje
	Stafsethneset	28,2	Kommunen	Statleg sikra	Turstiar, hageanlegg, parkeringsplass, brygger, toalett, vegbom, bål plass etc
Stordal	Øyna		Privat		
		1423,5 da			

I tillegg har Friluftsrådet heilt eller delvis ansvaret for desse "områda":

- Parvika friluftsområde i Ålesund kommune
- Tueneset friluftsområde i Ålesund kommune
- Spjelkavikelva friluftsområde i Ålesund kommune
- Murvika friluftsområde i Skodje kommune
- Vassetvatnet friluftsområde i Sula kommune
- Sti til Hamnsundhelleren i Haram kommune
- Sti mellom Alnes og Djup i Giske kommune
- Sti mellom Sandvika og Nøringset i Sula kommune
- Parkeringsplass ved Eikenosa i Ålesund kommune
- Parkeringsplass ved Storsætra i Skodje kommune
- Skiløyper ikring Mevatn og Svartløken i kommunane Skodje, Vestnes og Ørskog
- Sti til Skjonghellaren i Giske kommune
- Den Trondhjemske Postvei gjennom kommunane Vestnes og Ørskog

Statleg sikra friluftsområde i medlemskommunane

I alt er det tjuei statleg sikra friluftsområde i Friluftsrådet sine medlemskommunar. To av kommunane, Giske og Norddal, har ingen statleg sikra friluftsområde.

Friluftsrådet har eit heilskapleg driftsansvar for 9 av dei statleg sikra områda samt delansvar for tiltak (toalett) i fleire av dei andre.

Friluftsrådet søker på vegne av rådet og kommunane skjøtsel- og tilretteleggingsmidlar til alle dei statleg sikra friluftsområda.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



FRILUFTSRÅDET SINE EIGEDELAR per 31.12.13

Gjenstandar	Kommune	Lokalisert	Forsikringsverdi	Sum
Gjestebrygger og kaier	Giske	Godøya	150.000	
		Ytterland	150.000	
	Haram	Austnes	150.000	
		Søvik	150.000	
	Skodje	Dampskipskaia	150.000	
		Mauren	150.000	
	Stordal	Dyrkorn	150.000	
	Sula	Storholmen	250.000	
		Storholmen	150.000	
		Brennholmen	?	Kai
	Ålesund	Svinøya	250.000	
		Svinøya	250.000	
		Hunsvær	150.000	
		Sunnmøre Museum	150.000	
		Svinøya	?	Kai
		Vikholmen	?	Kai
		Stafsethneset	150.000	2.400.000
Bruer	Stordal	Store Adalselva	100.000	
	Stordal	Elvabyte	100.000	
	Ørskog	Fosslibrua (Måslia)	200.000	
	Ørskog	Postvegen over Tverrelva		
	Skodje	Mevatnet	200.000	
	Vestnes	Kråkvik 3, Leirvågen 1	200.000	800.000
Toalett	Giske	Blimsanden 2stk	300.000	
	Haram	Gurinesbukta	200.000	
	Haram	Gjersetvatnet	200.000	
	Sula	Taustua	100.000	
	Sula	Eikrem	100.000	
	Sula	Storholmen	100.000	
	Sula	Vassetvatnet	200.000	
	Skodje	Murvika	200.000	
	Skodje	Håjem	100.000	
	Stordal	Overøye	100.000	
	Ålesund	Svinøya	100.000	
	Ålesund	Vikholmen	100.000	
	Ålesund	Parrvika	200.000	
	Ålesund	Tueneiset	200.000	
	Ålesund	Lillevatnet	250.000	
	Ålesund	Sandingane	250.000	
	Ålesund	Stafsethneset	250.000	
	Ålesund	Voldsdalsberga	500.000	2 bygg
	Ørskog	Skråvika, Brauta, Vaksvikfjellet	300.000	
	Norddal	Norddalsstranda	100.000	
		1 stk uplassert	200.000	4.050.000
Toalett/reiskapsbu	Skodje	Mauren	160.000	
	Vestnes	Kråkvik	160.000	
	Ålesund	Svinøya	160.000	480.000
Reiskapshus	Sula	Eikrem	200.000	200.000
Gapahuk	Vestnes, Sula	Kråkvik, Lervågen	200.000	200.000
Bålplass	Vestnes, Ålesund	Kråkvik (2 stk) Stafsethneset, Svinøya	60.000	60.000
Informasjonstavler	Sula	Eltrane	60.000	
	Sula	Sandvika	60.000	
	Giske	Godøya (3stk)	100.000	
	Ålesund	Stafsethneset	60.000	300.000
Bade/Fiskebryggje	Vestnes	Kråkvik	200.000	200.000
Handreiskap og verkty			50.000	50.000
Tilhengarar og båthengar			50.000	50.000
Minitraktorar og slåmaskinar			150.000	150.000
Båt med motor			450.000	450.000
Div aktivitetsutstyr			300.000	300.000
Diverse kontorutstyr			70.000	70.000
TOTALT				9 760 000

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



Vedtekter

(Gjeldande frå årsmøte 18-04-2012)

§1 - MEDLEMMER

FRILUFTRÅDET for Ålesund og Omland er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter §27 i Kommunelova mellom kommunane Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula, Vestnes, Ørskog og Ålesund.

Nye deltakarkommunar skal verte godkjend av årsmøte og alle medlemskommunane.

§2 - FØREMÅL

FRILUFTRÅDET si oppgåve er i samarbeid med medlemskommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for:

- Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ymse slag til almen bruk.
- Å skape større forståing for nytten av friluftsliv.
- Å betre friluftskulturen.
- Å stimulere til friluftsliv for alle.
- Å leggje tilhøva til rette for fysisk aktivitet for born og unge
- Utarbeide samordna prioriterte planar som skal ligge til grunn for rådet sitt arbeid.
- Vere ein pådrivar overfor medlemskommunane i friluftslivssaker og kunne vere høyringsinstans i prinsipielle friluftssaker.

§3 - ORGANISASJON

Årsmøtet, styret og arbeidsutvalet er FRILUFTRÅDET sine faste organ.

Styret og administrasjonen står for den dagleg drifta av FRILUFTRÅDET

§4 - ØKONOMI

Deltakarkommunane skal betale tilskot til rådets verksemd. Årsmøte fastset eit årleg pr. capita tilskot basert på folketal frå Statistisk Sentralbyrå frå føregåande år.

Budsjettframlegg som inneber meir en 2% reell auke i tilskot frå medlemskommunane krev 2/3 fleirtal på årsmøte.

Framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste år sendast medlemma til orientering.

Rådet kan ikkje ta opp lån eller pantsette eigedom utan at dette er godkjend av medlemskommunane på førehand

§5 - ÅRSMØTET

Årsmøtet er FRILUFTRÅDET si høgste styresmakt. Ordinært årsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad.

Kvar av medlemskommune har høve til å sende 2 representantar med røysterett til årsmøtet, gjerne ein av kvart kjønn.

Kommunane skal velje dei 2 representantane med vararepresentantar for heile kommunevalperioden. Styret sine medlemmer møter med røysterett på årsmøtet.

På årsmøtet kan følgjande møte med røysterett.

- 2 representantar frå kvar av medlemskommunane

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014



ÅRSMELDING 2014

- Medlemmene av styret

Årsmøtet er også oppe for andre interesserte.
Årsmøtet avgjør i kvart einskild høve om andre framømte skal ha talerett i ei eller fleire saker på årsmøtet.

Årsmøtet er vedtaksført når det etter vedtektene er lovlegg innkalla og kunngjort.

Årsmøtet vert innkalla etter vedtak i styret og med minst 4 vekers skriftleg varsel.

Ordinært årsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Velje ordstyrar og sekretær
3. Handsame styret si årsmelding
4. Godkjenne den framlagde rekneskapen med revisjonsmelding
5. Fastsetje neste års kontingent auke av medlemskontingent utover indeksregulering må godkjenast av alle medlemskommunane, eventuelt i etterkant.
6. Handsame innkomne framlegg
7. Handsame framlegg til neste års budsjett
8. Velje:
 - a) styre med vararepresentant (1 styremedlem + 1 personleg vararepresentant frå kvar medlemskommune)
Kvar kommune stiller med ein representant / vararepresentant av kvart kjønn.
 - b) leiar og nestleiar i styret, blant medlemmene i det alt valde styret
 - c) Revisor
 - d) valnemnd på 3 medlemmer og 1 varamedlem
 - e) To personar til å godkjenne møteprotokollen frå årsmøte

Revisorane og medlemmene av valnemnda vert valde for eitt år.

Medlemmene av styret har ei funksjonstid på to år, maksimalt i samanhengande 8 år. Årsmøtet bør sjå til at det er minst 40% av kvart kjønn i styret. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmene vere på val kvart år.

Vararepresentantane til styret vert vald for same tidsperiode som tilsvarande styremedlem.

Alle val skal vere skriftlege dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg.
Når kandidatar skal veljast enkeltvis og ingen av kandidatane oppnår fleirtal, dvs. minst halvparten av dei avgjevne røystene skal det gjennomførast omval mellom dei to kandidatane som fekk flest røyster. Er det etter dette omvalet like mange røyster på kvar kandidat, skal valet avgjerast ved loddtrekning.

Alle vedtak på årsmøte vert avgjort med vanleg fleirtal utanom dei sakene som etter vedtektene krev kvalifisert fleirtal.

Ved stemmelikskap i saker der avgjersla vert gjort med vanleg fleirtal vert desse avgjort ved leiar, sekundært stedfortreder for leiar, si dobbeltstemme

§6 - EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med minst 2 vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret, eller når minst halvparten av medlemskommunane krev dette skriftleg.

Saklista skal leggest ved innkallinga.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i innkallinga.

§7 - STYRET

Styret er samansett av ein medlem frå kvar av medlemskommunane.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014





Styret har leiingsansvaret for FRILUFTRÅDET mellom årsmøta.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades. Alle vedtak i styret vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom det vert like mange røyster for og imot, vert røystemåten til leiaren avgjerande.

Styret vert leia av leiaren og når han ikkje er til stades av nestleiaren.

Det er leiaren som avgjer når styret skal møtast. Styret kan også innkallast når eit fleirtal av styremedlemmene ønskjer det.

Innan styret kan det veljast eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn styret på førehand gjeve fullmakt til.

Styret sine arbeidsoppgåver er m.a.:

1. Å fremje FRILUFTRÅDET sine oppgåver i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak.
2. Å leie FRILUFTRÅDET si vanlege drift og ha ansvar for økonomistyring i samsvar med utarbeidd budsjett.
3. Å tilsetje medarbeidarar.
4. Å kunne gi fullmakter (økonomisk og juridisk).
5. Å ha ansvar for at det vert ført rekneskap og at det vert ført protokoll over alle møter og forhandlinger.
6. Å sende referat frå årsmøtet til alle medlemmer i FRILUFTRÅDET, til fylkesfriluftsnemnda og til Friluftsrådene landsforbund.
7. Å førebu årsmøtesaker med framlegg til vedtak om arbeidsprogram, budsjett og kontingent.

§8 - VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene må gjerast på årsmøte og krev minst 2/3(to tredjedels) fleirtal.

§9 - UTMELDING

Ein medlem kan melde seg ut av FRILUFTRÅDET når han ønskjer det, etter lovleg fatta vedtak i kommunen.

Sams for alle som vil melde seg ut av FRILUFTRÅDET er at medlemskontingenten må vere betalt for det året utmeldingsvedtaket vert gjort, før utmeldinga kan verte gyldig.

§10 - OPPLØYSING

Oppløysing av FRILUFTRÅDET kan berre vedtakast på eit ordinært årsmøte og med minst 2/3 fleirtal.

Framlegg om oppløysing må vere oppført på saklista som medlemmene må ha fått tilsend minst 14 dagar før møtet.

Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det haldast ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare med oppløysing på saklista.

Dersom FRILUFTRÅDET vert oppløyst, skal alle omsettelege aktiva seljast og saman med andre kontante midlar delast mellom medlemskommunane i høve til kontingenten frå den einskilde kommune.

40 år i friluftslivets teneste 1974 - 2014